



Vestland fylkeskommune

## **Vestland fylkeskommune sitt arbeid med framtidig arkivorganisering - høyringssvar**

Sogn regionråd vedtok følgjande fråsegn i møtet 10. februar 2023:

Sogn regionråd tilrår at Vestland fylkeskommune vedtek å realisere alternativet K5: Kombinasjonskonseptet under føresetnad av at så mange som mogeleg av tenestene vert lokaliserte på Leikanger. Sogn regionråd meiner vi med denne løysinga vidarefører Kommunearkivordninga i Vestland på ein god måte.

Sogn regionråd tilrår å vidareføre den noverande Kommunearkivordninga i Vestland, organisert som eit kommunalt oppgåvefellesskap etter kapittel 19 i kommunelova, mellom 18 kommunar i tidlegare Sogn og Fjordane fylke og Vestland fylkeskommune, med fylkeskommunen som vertskap for ordninga.

Sogn regionråd meiner at spørsmålet om Vestlandsarkivet som eigen arkivinstitusjon vert vurdert på eit seinare tidspunkt.

Med helsing

Roy Egil Stadheim  
leiar Sogn regionråd

*Brevet er elektronisk og er utan handskriven underskrift.*

Vedlegg: Saksframstilling



Sakshandsamar: Karina Nerland, dagleg leiar  
Sak nr.: 2022/9332 - 4

### Saksgang

---

Saksnummer	Møtedato	Utval
4/2023	10.02.2023	Sogn regionråd

## Vestland fylkeskommune sitt arbeid med framtidig arkivorganisering - høyringssvar

### Tilråding:

Sogn regionråd tilrår at Vestland fylkeskommune vedtek å realisere alternativet K5: Kombinasjonskonseptet under føresetnad av at så mange som mogeleg av tenestene vert lokaliserte på Leikanger. Sogn regionråd meiner vi med denne løysinga vidarefører Kommunearkivordninga i Vestland på ein god måte.

Sogn regionråd tilrår å vidareføre den noverande Kommunearkivordninga i Vestland, organisert som eit kommunalt oppgåvefelleskap etter kapittel 19 i kommunelova, mellom 18 kommunar i tidlegare Sogn og Fjordane fylke og Vestland fylkeskommune, med fylkeskommunen som vertskap for ordninga.

Sogn regionråd meiner at spørsmålet om Vestlandsarkivet som eigen arkivinstitusjon vert vurdert på eit seinare tidspunkt.

### Sogn regionråd si handsaming av sak 4/2023 i møte den 10.02.2023:

#### Vedtak

Sogn regionråd tilrår at Vestland fylkeskommune vedtek å realisere alternativet K5: Kombinasjonskonseptet under føresetnad av at så mange som mogeleg av tenestene vert lokaliserte på Leikanger. Sogn regionråd meiner vi med denne løysinga vidarefører Kommunearkivordninga i Vestland på ein god måte.

Sogn regionråd tilrår å vidareføre den noverande Kommunearkivordninga i Vestland, organisert som eit kommunalt oppgåvefelleskap etter kapittel 19 i kommunelova, mellom 18 kommunar i tidlegare Sogn og Fjordane fylke og Vestland fylkeskommune, med fylkeskommunen som vertskap for ordninga.

Sogn regionråd meiner at spørsmålet om Vestlandsarkivet som eigen arkivinstitusjon vert vurdert på eit seinare tidspunkt.

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### Samandrag

Administrasjonen rår Sogn regionråd og kommunane i Sogn regionråd til å slutte seg til rapporten si tilråding om å velje eit kombinasjonskonsept under føresetnad av at så mange som mogeleg av tenestene vert lokaliserte på Leikanger. Det handlar om å starte med konkrete og lite kontroversielle forbetringstiltak, vidareutvikle den regionale rolla som samfunnsutviklar innan arkivfeltet, og å syte for at privatarkivarbeidet og digitaliseringsarbeidet i fylkeskommunen er koordinert. Det langsiktige målet i konseptet er å skipe Vestlandsarkivet, altså ein ny arkivinstitusjon som samlar mest mogleg av arkivarbeidet i fylket.

### Bakgrunn

Vestland fylkeskommune er i gang med ein prosess for å vedta den framtidig organisering av arkivinstitusjonane i Vestland fylke. I den samanheng har fylkeskommunen gjeve Menon Economics i oppdrag å greie ut og gir råd om framtidig organisering av arkivinstitusjonane i Vestland fylke.

Rapporten «Utredning av en fremtidsrettet arkivorganisering i Vestland» ligg no føre. Rapporten finn ein: <https://www.vestlandfylke.no/politikk/hoyringar/hoyring-utgreiing-av-ei-framtidsretta-arkivorganisering-i-vestland/>

Fylkeskommunen inviterer kommunar og arkivaktørar i Vestland til å kome med innspel til rapporten si tilrådde løysing for framtidig organisering av arkivinstitusjonane i Vestland.

Høyringsfristen er 11. mars 2023.

### Dagens organisering

Kommunearkivordninga i Vestland er ifølgje vedtektene eit kommunalt oppgåvefelleskap etter kapittel 19 i kommunelova. 18 kommunar i tidlegare Sogn og Fjordane fylke og Vestland fylkeskommune er medlemar, med fylkeskommunen som vertskap.

Oppgåvefelleskap vart skipa etter ein omfattande prosess. Organiseringa er i samsvar med eksisterande lovverk.

Kommunearkivordninga har fungert i 36 år. Kommunane og fylkeskommunen samarbeider om å løyse sine arkivoppgåver i samsvar med det lovverk som gjeld.

Oppgåvefelleskapet har vedtekter med styre og representantskap. Vestland fylkeskommune er kontorkommune og oppgåvefelleskapet leiger tilsette i fylkeskommunen for å utføre arbeidsoppgåvene. Dei tilsette er fast tilsett i Seksjon arkiv (tidlegare kjend som Fylkesarkivet) i Vestland fylkeskommune, lokalisert på Leikanger.

Gjennom Kommunearkivordninga får deltakarane utført sine arkivtenester særskild effektivt og med høg standard. Dette er resultatet av eit langvarig godt samarbeid

mellom kommunane og fylkeskommunen. Det er fagleg grunnlag for å hevde at Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane er nasjonalt leiande og nyskapande innafor sine arbeids- og ansvarsområde. Dette er i mange samanhengar løfta fram og synleggjort, mellom anna i presentasjonar når aktuelle stortingskomitear har vore på vitjing i fylket.

Seksjonen har godt tenlege lokale i Fylkeshuset på Leikanger. Eit nytt arkivbygg er under oppføring på Leikanger. Bygget skal dekke framtidige avleveringsbehova til medlemmene i Kommunearchivordninga i Vestland og Vestland fylkeskommune sitt framtidige magasinbehov for privatarkiv/kulturhistorisk materiale. Som oppgåvefelleskap vert Kommunearchivordninga lettare integrert i dei ulike plandokument dei høyrer heime i.

Vestland fylkeskommune har ein fylkeskoordinerande funksjon for privatarkiv og lettar såleis tilgangen til slike arkiv for brukarane i heile det nye fylket. Denne modellen fungerer godt og bør vidareførast. Dagens organisering bør i størst mogeleg grad vidareførast.

### **Arkivfunksjonen er viktig**

Arkiva er viktige for alle. Arkiva er nasjonen, regionen, kommunen, lokalsamfunnet og folket sitt felles hukommelse og oppslagsverk. Offentlege arkiv er i mange samanhengar kjelda til og garanti for likehandsaming og realisering av demokratiet sine målsettingar. Private arkiv og fotoarkiv er også viktige. Saman er arkiva kjelder til dokumentasjon, innsyn og forståing.

Arkivet er kjelda til å kjenne og forstå demokratiet si utvikling. Kommunane har difor eit særleg ansvar for at arkivtenestene vert organiserte med høg fagleg standard. Dette oppnår ein lettast og tryggast med eit godt samarbeid ved at tenestene vert organisert i samarbeidsorgan. Slik vil ein oppnå at fagkompetanse og tekniske løysingar vert utnytta best mogeleg.

Samstundes vil ein kunne sikre reell politisk styring med tenesta.

### **Rapporten sine hovudpunkt og tilrådingar**

Rapporten har vurdert 7 konsept/alternativ for organisering:

K0: Nullalternativet, K0+: Nullplussalternativet, K1: Regionalkonseptet, K2: Samarbeidskonseptet, K3: Vestlandarkivet – Interkommunalt selskap, K4: Vestlandarkivet – Oppgåvefelleskap og K5: Kombinasjonskonseptet.

Rapporten tilrår at Vestland fylkeskommune vedtek å realisere K5: Kombinasjonskonseptet.

Dette grunnjev rapporten slik:

*Kort oppsummert finner vi at kombinasjonskonseptet kommer best ut på alt utenom styring og demokrati.*

*Et kombinasjonskonsept kan være det mest hensiktsmessige for Vestland fylkeskommune. I et kombinasjonskonsept kombineres det beste fra de ulike konseptene til et nytt konsept.*

Rapporten tek i hovudsak for seg organisering av arkivinstitusjonane. Den drøftar i mindre grad dei arkivoppgåvene som kommunane og fylkeskommunen løyser i dag og skal løyse framover.

Kommunearkivordninga har gode erfaringar med det samarbeidet som er utvikla over mange år i samspel mellom fylkeskommunen og kommunane i gamle Sogn og Fjordane. Kommunane i Hordaland har valt ein annan organisasjonsmodell, og dette bør løysast med eit tettare samarbeid mellom fylkeskommunen og IKA Hordaland, og mellom Kommunearkivordninga og IKA Hordaland.

Rapporten tilrår at Vestland fylkeskommune jobbar strategisk over tid for å etablere gode samarbeid med eksisterande arkivaktørar, for på den måten på sikt kunne realisere eit Vestlandarkiv. Rapporten peikar også på at det er særleg viktig at det vert etablert eit godt samarbeid med Bergen byarkiv, IKA Hordaland, ArkiVest og Digi Vestland.

### **Vurderingar**

Kommunearkivordninga i Vestland fungerer godt. Den har lang og solid historisk forankring og er velprøvd. Den har høg fagleg standard, rekrutterer godt, er stabil og har gode lokale. Ordninga har ein nasjonalt anerkjend posisjon i fagmiljøet.

Slik bør den halde fram å fungere. Det geografisk område er avgrensa. Det gjer det lettare å drive målretta utviklingsarbeid og å koordinere med andre prosessar innanfor same område. Det er lett for eksterne aktørar og samarbeidspartar å få til god samhandling.

Gjennom samla og heilskapleg samfunnsdokumentasjon legg ordninga godt til rette for at publikum skal kunne bruke arkiva og kjeldematerialet i mange ulike samanhengar.

Dei ikkje-offentlege arkiva tek vare på og formidlar arkiv og annan kulturhistorisk dokumentasjon frå privat sektor. Ein vesentleg del av fageininga sin aktivitet på fagområda privatarkiv, foto og tradisjonsmusikk/-dans er å koordinere bevaringsarbeidet i Vestland, tilby råd og rettleiing til lokale aktørar og å være et bindeledd mellom nasjonale og lokale aktørar på arkivfeltet. Dette vert gjort med god kvalitet på tenestene

Kommunearkivordninga i «Vestland kommunalt oppgåvefelleskap» tilbyr gode løysingar til medlemmane, knytt til lovbestemte oppgåver for langtidslagring og tilgjengeliggjering av eldre og avsluttande analoge og digitale arkiv. Kommunearkivordninga yter utviklings- og rådgjevingstenester for medlemskommunane, og har etablert et fellesdepot for deltakarane sine papirbaserte og elektroniske arkiv.

Dei har god kompetanse på fagleg rådgiving og kompetanseutvikling innan moderne arkivdanning og arkiv generelt, arkivplanlegging, utarbeiding av rutinar og retningslinjer, innkjøp, å konfigurere system og utfordringar knytt til både papirarkiv og fullelektroniske arkiv. Vidare er dei dyktige på depotoppgåver; mottak, kontroll, gjere tilgjengeleg og oppbevaring av papirarkiv og elektroniske arkiv som er avslutta.

Med fylkeskommunen som vertskap vil ein sikre vidare høg kvalitet på tenestene i kommunearkivordninga. Dette vil bli ein naturleg konsekvens av at ein kan samordne fylkeskommunen sine overordna krav til kvalitet på arkivtenestene med drifta av kommunearkivordninga. Vidare vil kommunearkivordninga då lett kunne nyte godt av fylkeskommunen sitt løpande utviklingsarbeid innafor arkivområdet.

Ein bør halde fram med kommunalt oppgåvefelleskap slik at tilsette framleis kan være tilsette i fylkeskommunen. Innafor eit kommunalt oppgåvefelleskap står ein også friare til å tilby tenester.

Det er eit godt fagmiljø på Leikanger. Det er med og sikrar at ein har eit solid arkivfagleg miljø i den nordlege delen av fylket. Dette fagmiljøet vil nyte godt av kort veg til Høgskolen på Vestlandet og Campus Sogndal som tilbyr fleire relevante studieløp. Arkivmiljøet i Leikanger har gode vilkår for å kunne rekruttere kompetente medarbeidarar i framtida.

Det er trong for å bygge opp meir robuste fagmiljø som har god evne til å forvalte både det analoge og det digitale arkivmaterialet. Det er behov for å fylla den regionale samfunnsutviklar rolla innafor arkiv med innhald for å sikre ein heilskapleg samfunnsdokumentasjon. Alle arkivaktørane i Vestland har som felles mål å utvikle gode tenester for innbyggjarane i Vestland.

Gjennom ein samla og heilskapleg samfunnsdokumentasjon skal tenesta legge til rette for at publikuma skal kunne bruke arkiva og kjeldematerialet i ulike brukssamanhengar. Dette er oppgåver som Kommunearkivordninga i Vestland historisk, fagleg og med omsyn til ressursar er godt rusta til å gjennomføre.

Fylkeskommunen er på Leikanger samlokaliserte med det fremste miljøet for digitalisering av offentleg sektor i landet. Gode tenester til innbyggjarane vil i framtida vere avhengig av at offentleg sektor lukkast i å samarbeide om å skape gode digitale løysingar. Dette vil gje arkivtenestene eit særleg fortrinn ved at dei vert lokalisert til Leikanger, der tenestene vil kunne medverke aktivt i det tverrsektorielle arbeidet med digital samfunnsutvikling.

Sogn regionråd meiner det vil vere kritisk avgjerande at fylkeskommunen tek ei førande rolle i å vere pådrivar for eit samla fagmiljø og ei framtidsretta arkivteneste i Vestland – på tvers av dagens organisering. Fylkeskommunen vert oppmoda til å ta denne rolla, og medverke til at arkivtenestene i Vestland vert eit nasjonalt kompetansemiljø med høg fagleg kvalitet og tydeleg samfunnsutviklingsfokus. Samlokaliseringa med det fremste miljøet for digitalisering av offentleg sektor i Norge gjer Leikanger til den rette lokaliseringsstaden for eit slikt kompetansemiljø.

Innhaldet i og organiseringa av eit framtidig Vestlandarkiv er ikkje utgreidd. Dette er ei langsiktig oppgåve som det eventuelt over tid må arbeidast med. I mellomtida er det viktig at det vert etablert eit godt samarbeid med Bergen byarkiv, IKA Hordaland, ArkiVest og Digi Vestland.

## **Konklusjon**

Vestland fylkeskommune bør vedta å realisere alternativet K5: Kombinasjonskonseptet under føresetnad av at så mange som mogeleg av tenestene vert lokaliserte på Leikanger.

Denne løysinga vil vidareføre Kommunearkivordninga i Vestland på ein god måte. Den vil vidareføre den noverande Kommunearkivordninga i Vestland, organisert som eit kommunalt oppgåvefelleskap etter kommunelova, kapittel 19, mellom 18 kommunar i tidlegare Sogn og Fjordane fylke og Vestland fylkeskommune, med fylkeskommunen som vertskap for ordninga.

Det bør etablerast godt samarbeid med eksisterande arkivaktørar i fylket, mellom anna Bergen byarkiv, IKA Hordaland, ArkiVest og Digi Vestland.

På eit seinare tidspunkt kan ein vurdere Vestlandsarkivet som ein eigen arkivinstitusjon.